



Odd Leif Mjøs
Fureberget 31
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 14/27548

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
10.12.2014

Svar på epost om tilstand på vegar i Lindås kommune

Vi synar til Dykkar epost av 6. november 2014 der du ber om status for utbedring av vegane Kleivdalsvegen, Elsåsvegen og fylkesvegen på strekninga Vatne forbi Seim skule.

Kleivdalsvegen

Her er det nyleg satt i gang grøfterensk og inspeksjon/utskifting av stikkrenner. Viss vi får tilstrekkeleg budsjett til vidare tiltak i 2015 vil denne vegen få høg prioritet frå oss til fornying.

Vegen er så beresvak at det vil vere behov for både utskifting av masser og forsterkning før vi legg nytt vegdekke. Fornyng nytt vegdekke på slike vegar er ingen god investering, då dekket vil sprekke opp etter kort tid. Difor vert det ikkje gjort noko i år.

Elsåsvegen

Denne grusvegen vart omfattende oppgradert med ny grus i vår (ca 7-800 tonn), og dei mest skadde vegmurane vart reparerte. Vi har ingen fleire planar med denne vegen i første omgang.

Fylkesvegen v/ Seim skule

Vegen er nyleg rusta opp med nytt vegdekke og med nytt fortau ved nye Seim skule. Det vert lagt fartshumpar i neste veke, får eg opplyst.

Med helsing

Rune Kilen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Odd Leif Mjøs

Fureberget 31 5912

Seim